




Årsrapport 2010 for revisjonskomiteen og internrevisjonen

Mars 2011

1 INNLEIING OG INNHALD

Revisjonskomiteen og internrevisjonen i Helse Vest er begge ledd i å styrka styret si overvaking av internkontrollen. Dette dokumentet utgjer i samsvar med gjeldande instruksar den årlege rapporten om komiteen og internrevisjonen sitt arbeid.

Grunna skifte av internrevisor mot slutten av 2010, strekk rapporteringa seg til og med første kvartal 2011. Det vil framover bli tatt sikte på å tilpasse rapporteringsåret til å gjelde kalenderåret.

Årsrapporten har dette innhaldet:

1 Innleiing og innhald	2
2 Revisjonskomiteen	3
2.1 Formål og samansetnad	3
2.2 Oppgåver	3
2.3 Møter og saker	3
2.4 Vedtekne prosjekt for 2011	4
3 Internrevisjonen.....	5
3.1 Formål og samansetnad.....	5
3.2 Oppgåver	5
3.3 Fagleg fundament.....	6
3.4 Nye instruksar og arbeidsmetodikkar	6
3.5 Samarbeid med andre	7
4 Internrevisjonsprosjekt i 2010	9
4.1 Økonomistyring i sjukehusføretaka	9
4.2 Evaluering av arbeidsplanlegging	10
4.3 Kontraktsoppfølging av rammeavtaler for leveranse av helsepersonellvikarar	11

2 REVISJONSKOMITEEN

2.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD

Revisjonskomiteen er eit underutval av styret i Helse Vest RHF og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa.

Revisjonskomiteen hadde i 2010 følgjande samansetnad:

- Gisle Handeland, leiar
- Gro Skartveit
- Reidun Johansen

Revisjonskomiteen blei oppnemnd av styret i møte 18.02.2010, sak 026/10B.


2.2 OPPGÅVER

Revisjonskomiteen skal:

- Føre tilsyn med at det er etablert risikostyring og internkontroll som kan bidra til å sikre :
 - målretta og kostnadseffektiv bruk av ressursar
 - påliteleg styringsinformasjon
 - etterleving av regelverk, eigarkrav og eigne vedtekne krav (mellom anna etikk)
 - oppfølging og læring av feil og avvik rapportert frå interne og eksterne tilsyns- og kontrollinstansar.
- Sjå etter at Helse Vest har ein uavhengig og effektiv intern revisjon og ekstern revisjon.

2.3 MØTER OG SAKER

Revisjonskomiteen har utarbeidd ein årleg møte- og aktivitetsplan. Revisjonskomiteen har hatt 5 møter og handsama 25 saker i 2010. Protokollane frå komiteen sine møter vert fortløpande lagd fram for styret som orienteringssaker. Figuren viser årshjulet komiteen har lagt opp til å arbeide etter framover.



Internrevisjonen er sekretær for komiteen, og legg fram og følgjer opp saker for komiteen. Representantar frå administrasjonen i Helse Vest RHF deltek fast på møta i revisjonskomiteen med talerett. Møta er opne for andre.

Komiteen har arbeidd med å få utført og behandla tre **internrevisjonsprosjekt** i løpet av året. Prosjekta vert nærare omtala seinare i rapporten. Revisjonsplanen for året inneheld også andre moglege prosjekt. Komiteen behandla samansettinga av prosjekt på fleire møter utover haust og vinter. Nokre vedtekne prosjekt er inntil vidare utsette, andre er komne til.

I haust drøfta revisjonskomiteen prosessen for utarbeiding av ny **revisjonsplan**. Det vart understreka at det var viktig i planprosessen å sikre involvering i føretaka og god dialog mellom internrevisor og revisjonskomite undervegs i planprosessen. Dei siste åra har tidlegare revisjonsplan i hovudsak vert rullert utan særskilte prosessar rundt den. Av denne grunn og grunna skifte av internrevisor var det eit ynskje om å sikre ein grundigare prosess denne gang.

På haustparten fekk komiteen også revidert **instruksane** for både revisjonskomiteen og internrevisjonen. I samanheng med dette har det i komiteen vært gjennomgangar av **rutinar for interne revisjonar** og korleis komiteen si **oppfølging av ekstern revisor** sitt arbeid skal skje.

Komiteen var **representert på seminar** om verksemdstyring, internkontroll og risikostyring i dei regionale helseføretaksgruppene i juni 2010. Seminaret blei gjennomført i regi av dei regionale internrevisjonane.



2.4 VEDTEKNE PROSJEKT FOR 2011

I påvente av heilt ny revisjonsplan, vurderte komiteen igangsetting av fleire mulige prosjekt for 2011. Resultatet bli godkjenning av oppstart av tre internrevisjonsprosjekt.

- **Brannvern** som er ei oppfølging av prosjektet som blei gjennomført ved dei fire helseføretaka i 2008. (Apoteka i Helse Vest var og er ikkje med i dette prosjektet)
- **Medisinsk koding** som er eit landsomfattande prosjekt initiert av Helsedirektoratet. Internrevisjonane i dei fire helseregionane samarbeider om prosjektet.
- **Avtalespesialistar**, der ein spør korleis avtalespesialistane bidrar til Helse Vest sitt "sørge for ansvar" overfor pasientane

Alle tre prosjekt blei starta opp i første kvartal 2011.

3 INTERNREVISJONEN

3.1 FORMÅL OG SAMANSETNAD


Internrevisjonen skal på vegner av styret i Helse Vest RHF overvake og bidra til forbetringar i føretaksgruppa si verksemdstyring, risikostyring og internkontroll.

Frå hausten 2009 til september 2010 var revisjons- og rådgjevingsselskapet Deloitte engasjert for å ivareta funksjonen som internrevisor og for å gjennomføre dei prosjekta som vart vedtekne. Det er tilvarande den ordninga ein hadde frå oppstarten av internrevisjon i 2005 og ut 2007. I 2008 og halve 2009 var det ein fast tilsett internrevisor.

Frå september 2010 var to nye RHF-tilsette på plass i internrevisjonen. Bård Humberset som leiar av internrevisjonen og Hanne Løvereide Årstad som internrevisor. Når ein legg til at det framleis skal kjøpast inn kompetanse og kapasitet ved behov, så tyder det på at Helse Vest samla sett kjem styrka ut på dette området i 2011 og framover.

3.2 OPPGÅVER

Figuren viser internrevisjonen sine oppgåver og overordna formål slik dei går fram av ny instruks.



Innan hovudoppgåva med **stadfestingar** er det gjennomført tre prosjekt i 2010, nærare omtale seinare i årsrapporten. I to av prosjekta vart det utarbeidd rapporter for kvart føretak samt ein samlerapport. For eit prosjekt var det ein rapport for heile regionen.

I tillegg til stadfestingsoppgåva, og tidlegare omtala rolle som sekretariat for revisjonskomiteen, skal internrevisjonen på uavhengig og objektivt vis kunne gje **uttalar og råd** for å bidra til verdiskaping i føretaksgruppa. Vidare skal internrevisjonen vurdere kor-

leis føretaksgruppa handterer **risikoen for mislige tilhøve**. Desse to oppgåvene er ein ennå i startfasen av, og innrettinga må gå seg til over tid.

Virkeområdet til internrevisjonen er heile føretaksgruppa, altså dei fem helseføretaka og Helse Vest IKT AS. Internrevisjonen har også høve til å gjennomføre kontrollar i avtaleinstitusjonar og -spesialistar innan dei rammene som er sett i gjeldande avtalar. Dermed femner internrevisjon heilskapen i det som utgjør "sørge-for"-ansvaret.

Internrevisjonen er **fagleg uavhengig** av linjeorganisasjonen og rapporterer til revisjonskomiteen og styret, administrativt til administrerande direktør i Helse Vest RHF.

Vi har jamlege møter i **revisjonskomiteen**. Vidare har vi etablert faste **kontaktmøter** med administrerande direktør, eigardirektør og økonomi- og finansdirektør.

Det var for 2010 satt opp eit **budsjett** for internrevisjonen på om lag 4,6 millionar. **Resultatet** kom på 5,6 millionar mykje grunna stor bruk av innleie i krevjande prosjekt. For 2011 er det lagt inn eit samla budsjett på ca. 5,3 millionar kroner.

3.3 FAGLEG FUNDAMENT

Internrevisjonsfunksjonen utøvar sitt virke med basis i **instruksar** fastsett av styret i Helse Vest RHF og **standardar** frå Institute of Internal Auditors (IIA). Standardane inneheld etiske reglar og krav til profesjonell utøving av intern revisjon.

Både leiar og medarbeidar i internrevisjonen er medlem av Norges Interne Revisorers Forening, NIRF. Begge har hausten 2010 gjennomført kursing i foreininga, i tillegg til eigenutvikling. Begge er nye innan internrevisjonsfaget, sjølv om erfaringsbakgrunnen er mykje overlappende. Det har vore, og vil fortsett vere, eit behov for å bygge opp **kompetansen** på internrevisjon som fag.

Medarbeidar har i tillegg deltatt på kurs i risikostyring, eit to dagars kursopplegg som er laga i samarbeid mellom Helse Vest og Helse Nord.

3.4 NYE INSTRUKSAR OG ARBEIDSMETODIKKAR

Instruks for revisjonskomiteen og instruks for internrevisjonen blei revidert hausten 2010. Begge instruksar vart godkjent av styret 01.12.2010.


Det er i **styringsdokumenta** til føretaka for 2011 tatt inn eit avsnitt om internrevisjon. Her står det ein del om internrevisjonen sine oppgåver og kva føretaka skal bidra med i samband med prosjekta.

Vi vil her også nemne følgjande **tiltak** sidan hausten 2010:

- Materiale frå og med oppstarten av internrevisjon i Helse Vest i 2005 er samla inn og gjort tilgjengeleg for eigen bruk i elektronisk arkiv.
- Ein del av dette og mykje anna fagmateriale frå internrevisjon og tilgrensande fagfelt, er også gjort tilgjengeleg for andre i RHF'et.
- Alle rapportar frå 2005 til i dag er gjort allment tilgjengelege på Helse Vest sine nettsider. Det er publisert egne undersider om både revisjonskomite og internrevisjonen.
- Det er utvikla eit heilt sett med rutinar, malar, rettleiar og anna støttemateriale for gjennomføring av internrevisjon.

Det er i perioden gjort bruk av **konsulentar** for gjennomføring av prosjekt. Internrevisjonen vil nytta konsulentar også i kommande prosjekt for å styrke kompetanse og kapasitet ved behov.

I arbeidet med ny **revisjonsplan**, omtala tildelagare, har internrevisjonen gått stegvis. Mellom anna er det gjennomført møter med leiargruppene i føretaka. Tema for møta har vært å få frem utfordringar innan ulike områder både innan kjerneverksenda og støttefunksjonane.



3.5 SAMARBEID MED ANDRE

Internrevisjonseiningane i dei regionale helseføretaka har etablert eit nettverk som ledd i å styrke si faglege utvikling. Nettverket gjev moglegheiter for å samordna aktivitetar (som eksempelvis prosjekt om medisinsk koding), gi betre og raskare innsyn i faglege og administrative løysingar, utveksla kunnskap om risiko, utfordringar og tiltak, og gi rom for utvikling av gode kollegiale relasjonar.

Det har vore fleire **møter og faglege samlingar på leiarnivå** med dei andre regionane, enkelte også med **deltaking frå medarbeidarane**.

Det vart i 2010 arbeidd med å sikre eit **internrevisjonstilbod til Pasientreiser ANS**. Dette selskapet er heileigd av helseregionane. Ein har lukkast med å sikre ein ordning der Konsernrevisjonen i Sør-Øst er internrevisor, og at dei andre internrevisjonane vert involvert i planlegginga, eventuelt og i prosjekt som krev innsats i regionane. Den mal

ein i fellesskap fekk utarbeid, kan godt seinare vidareførast dersom andre av dei felles eigde selskapa skulle ha behov for internrevisjonstenester.

Internrevisjonen har hatt møte med **ekstern revisor**. Dei deltok også våren 2010 i møte med revisjonskomiteen i samband med behandling av rekneskapen, og er invitert til det same våren 2011.

Årleg møte mellom dei regionale internrevisjonane og **Riksrevisjonen** vart halde i juni 2010. Tanken er å utveksle erfaringar og informasjon om planar for prosjekter kommande år.

Internrevisjonen har også lagt opp til å ha møter og anna informasjonsutveksling med **helsetilsyna i regionen** med same formål. Første møte var i mars 2011.

4 INTERNREVISJONSPROSJEKT I 2010

4.1 ØKONOMISTYRING I SJUKEHUSFØRETAKA

4.1.1 BAKGRUNN

Formålet med revisjonsprosjektet, oppfølging av økonomistyring, var å undersøke om sjukehusføretaka har tilpassa økonomistyringa til dei økonomiske utfordringane og korleis dei har følgd opp dei tilrådingar som er gitt tidligare.

Prosjektet var gjennomført i perioden november 2009 til mai 2010.

4.1.2 KORT OM FUNNA

Internrevisjonsprosjektet viste at det blir arbeidd aktivt med å forbetre økonomistyringa i alle føretaka. Det har gjennomgåande vore ei positiv utvikling knytt til alle område revisjonen har analysert, samanlikna med tilsvarende undersøking i 2008. Helse Bergen og Helse Fonna har hatt ei særleg positiv utvikling.

Undersøkinga viste at det i føretaka er forbettringspotensial på nokre områder, mellom anna styrke økonomikompentansen til linjeleiarar, betre dokumentasjon av prosessar og rutinar, utvikle controllarfunksjonen, betre budsjettarbeidet og bruk av prognosar, grundigare planlegging og forankring av omstillings- og innsparingstiltak samt utforming og bruk av rapportar i den interne operative styringa.

I rapportane til dei einskilte føretaka vart det gjeve forslag til moglege tiltak for å betra økonomistyringa og redusera risikoen på økonomiområdet i føretaka ytterligare. Internrevisjonen viser i denne samanheng til dei enkelte rapportane og samlerapport.

4.1.3 BEHANDLING

Revisjonskomiteen hadde saka til behandling 21.06.2010, med følgjande kommentar:

Revisjonskomiteen har merka seg at det blir arbeidd aktivt med å betra økonomistyringa i alle føretaka og at det gjennomgåande har vore ei positiv utvikling på dei analyserte områda samanlikna med undersøkinga i 2008. Helse Bergen og Helse Fonna har hatt ei særleg positiv utvikling.

Det går fram av revisjonsrapportane at det er eit forbettringspotensiale på fleire område.

Revisjonskomiteen visar til forslaga til moglege tiltak som er fremja av internrevisjonen til føretaka og RHF et. Revisjonskomiteen ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av tiltaka.



Rapporten blei behandla i styret i Helse Vest RHF 01.09.2010. Styret tok rapport om oppfølging av økonomistyring i helseføretaka til orientering og bad om å bli orienterte om det vidare arbeidet med dei tiltak som føretaka sett i verk.

Alle helseføretaka har også hatt rapporten oppe i sine respektive styrer, det første i juni og det siste i desember 2010.

4.1.4 OPPFØLGING

Internrevisjonen har i mars 2011 bedt om tilbakemelding på tiltak som er satt i verk.

4.2 EVALUERING AV ARBEIDSPLANLEGGING

4.2.1 BAKGRUNN

MOT-prosjektet (Medarbeidar - organisasjon - teknologi) var eit stort organisasjonsutviklingsprosjekt. Eit overordna mål var å få bukt med hindringar i kvardagen og i dei system som vert nytta slik at ein får god og effektiv arbeidsflyt.

Formålet med revisjonsprosjektet var å undersøke i kva grad helseføretaka gjennomførte tiltak og prosessar som var initiert gjennom eit av delprosjekta i MOT, nemleg arbeidsplanlegging.



Fokus var på:

- Kartlegging og vurdering av i kva grad føretaka nyttar dei system og rutinar for arbeidsplanlegging som er utarbeida
- Kartlegging og vurdering av gevinstrealisering som følgje av prosjektet

4.2.2 KORT OM FUNNA

Ei stor spørjeundersøking i revisjonsprosjektet viste at arbeidsplanleggingsdelen av MOT-prosjektet i Helse Vest vert oppfatta som vellukka. MOT-prosjektet hadde lukkast med å få på plass system og verktøy for arbeidsplanlegging, blant anna fordi prosjektet har hatt støtte frå leiarar og stor tyngde frå Helse Vest RHF.

Internrevisjonen kom med tre generelle tilrådingar :

- Helseføretaka bør halde fram med kulturbyggingsarbeid slik at medarbeidarane tar eigarskap til prosessen knytt til effektiv og aktivitetsbasert arbeidsplanlegging

- Føretaka bør aktivt følge opp dei einingane der leiarane tek for liten del i arbeidsplanlegginga, og stille klare krav til leiarinvolvering i planleggingsprosessane.
- Helse Vest bør vurdere å etablere fleire møteplassar der einingar på ulike føretak, men med like utfordringar i arbeidsplanlegginga, kan utveksle erfaringar.

4.2.3 BEHANDLING

Revisjonskomiteen behandla rapporten 18.10.2010 og fatta følgjande samrøysta vedtak:

Revisjonskomiteen tek rapporten til orientering og ber om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka sett i verk. Revisjonsrapport sendes styret til orientering.

Komiteen drøfta saka og noterte seg blant anna den utfordringa føretaksgruppa har med å dokumentere sine effektivitetsgevinstar. Komiteen ønskjer å komme tilbake til dette ved seinare høve, blant anna ved utarbeiding av ny revisjonsplan.

Styret behandla rapporten 01.12.2010 og fatta følgjande samrøystes vedtak:

1. *Styret tok rapporten til orientering*
2. *Styret i Helse Vest RHF understrekar at etablerte spelereglar for medverknad mellom tilsette og arbeidsgjevar og blir praktisert knytta opp til behandling av internrevisjonsrapportar*
3. *Styret ba om å bli orientert om det vidare arbeidet*

Rapporten er seinare behandla av styret i Helse Stavanger og styret i Helse Bergen.

4.2.4 OPPFØLGING

Rapporten er ikkje behandla av styra i Helse Fonna og Helse Førde. Internrevisjonen har etterlyst dette i møte med føretaksadministrasjonen.

4.3 KONTRAKTSOPPFØLGING AV RAMMEAVTALER FOR LEVERANSE AV HELSEPERSONELLVIKARAR

4.3.1 BAKGRUNN

Blant anna på grunn av oppslag i media vart det sett i gang ei undersøking av innleie av vikarar frå seks selskap. Ein ville sjå nærare på kontraktsoppfølginga av rammeavtaler for leveranse av helsepersonellvikarar til Helse Vest.

Dei regionale helseføretaka har gjennom innkjøpssamarbeidet HINAS inngått rammeavtaler med leverandørar av helsepersonell. Det vart utført kontroll på staden hos seks

leverandørar av helsepersonellvikarar. Fire av leverandørane har rammeavtale med samlege fire regionale helseføretak. Dei to andre leverandørane har bare rammeavtale med Helse Vest.

4.3.2 KORT OM FUNNA

Konklusjonen var at revisjonen avdekket feil og manglar på alle tre undersøkte områder:

- Kvalitet på innleidd personell
- Kvalitet på behandling av ordrebekreftelse og fakturering
- Andre kontraktsfesta forpliktingar



4.3.3 BEHANDLING

Rapporten blei behandla av revisjonskomiteen 15.11.2010 og følgjande blei samrøystes vedtatt:

Revisjonskomiteen tek rapporten til orientering og ber om å bli halden vidare orientert om oppfølginga i løpet av første halvår 2011. Komiteen vil også følge opp problematikken i tilknytning til arbeidet med ny plan for internrevisjon

Saken blei behandla av styret i sak 129/10B den 01.12.2010 og følgjande samrøysta vedtak blei fatta:

Styret tok rapport frå internrevisjon om leveranse av helsepersonellovikarar til orientering og påpeikar dei manglar som framkommer og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som er sett i verk.

4.3.4 OPPFØLGING

Internrevisjonen har i 2011 tilskrive administrasjonen med spørsmål om korleis rapporten er følgt opp. Styret i Helse Vest vart også orientert i eige notat 15.3 frå administrasjonen. Saka vert handtert i tråd med vedtaka i komiteen og styret.